

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I NORDDAL KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**torsdag, 15.04.2010 kl. 12.30 på
Rådhuset**

SAKLISTE:

- Sak 15/10 - Godkjenning av møtebok frå møte 23. mars 2010
- ” 16/10 - Vedkomande utspel mot kontrollutvalet i kommunestyremøte 18. mars 2010. (Det blir ikkje utarbeidd saksdokument til denne saka)

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no.

Arne Sandnes
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
NORDDAL KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 23. mars 2010
Møtestad: Norddal Rådhus kl 14.00

Møtet vart leia av: Arne Sandnes.

Elles til stades:
Signe Brenna og Frank Iversen

= 3 voterande

Frå Norddal kommune møtte avdelingsingeniør Lars Småge i sak 14/10.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Sakene vart behandla i denne rekkefølga:

**SAK 14/10
OM BYGGELØYVER I KOMMUNEN**

Orientering gitt av avdelingsingeniør Lars Småge.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber rådmann om ei skriftleg orientering om korleis kommunen vil forhalde seg til byggjeaktivitet på campingplassar (oppføring av bygg /anlegg /innretningar der det ikkje ligg føre søknad) i tida fram til eit regelverk er godkjent.

**SAK 10/10
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 12. FEBRUAR 2010**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Møtebok frå møte 12. februar 2010 blir godkjent
2. Kontrollutvalet vil i eige møte med ordførar tilstades behandle tema frå kommunestyremøte 18. mars 2010.

SAK 11/10
PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 17.03.2010.

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:

Det blir gjennomført ein eigarskapskontroll i samsvar med kontrollutvalsforskrifta § 14 første ledd d.v.s kontrollere om den som utøver kommunens eigarinteresser i selskaper gjer dette i samsvar med kommunestyret sine vedtak og forutsetningar. Denne kontrollen gjeld ikkje selskapa som sådann, men utøvinga av eigarstyringa.

SAK 12/10
KONTROLLRAPPORT 2009 VEDKOMANDE
SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN I NORDDAL KOMMUNE

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 17.03.2010.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek kontrollrapport vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Norddal kommune datert 12.02.2010 frå Skatteetaten til orientering.

SAK 13/10
OM KRD SI ARBEIDSGRUPPE FOR STYRKING AV EIGENKONTROLLEN I
KOMMUNANE

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 17.03.2010.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Arne Sandnes
leiar
(sign.)

Signe Brenna
medlem
(sign.)

Frank Iversen
medlem
(sign.)

Harald
Rogne/KOMMUNEREVISJO
N

14.04.2010 12:06

To stig.holmstrom@norddal.kommune.no
cc bjorn.ruset@norddal.kommune.no
bcc a.sandnes@hotmail.com, arne.sandnes@muritunet.no
Subject Vedkomande kontrollutvalmøte 15.04.2010 kl. 12.30.

Leiaren ønskjer at du er tilgjengeleg i morgon i tilfelle du blir kalla inn til møtet.
Dersom du ønskjer det, kan du gi ei skriftleg framstilling av det du sa i kommunestyret 18.03.2010 om kontrollutvalet og levere det i møtet i morgon.
Det er også ønskjeleg med skriftleg melding korvidt du skal gå vidare med det temaet du tok opp i kommunestyret som omhandla kontrollutvalet eller om du vil trekkje dine uttaler.

Helsing

Harald Rogne



Kontrollutvalet

Vår ref.
08/691/489/STHO/70258825

Dykkar ref.

Dato:
13.04.2010

Offentleggjering resultatavtale rådmann

Eg viser til vedtak i sak 07/10 i kontrollutvalet sitt møte 12.02.10, der det i pkt. 1. heiter:
Kontrollutvalet ber om at gradering av dokument i forhold til offentlegheit knytt til resultatavtale rådmann 2010, formannskapssak 133/09, blir vurdert opp mot offentleglova.

Rådmannen er usikker på om det er sjølve graderinga av saksframlegget, eller om det er formannskapet sitt vedtak med 6 mot ei røyst om ikkje å offentliggjere resultatavtalen ein ønskjer vurdert, og ber kontrollutvalet presisere dette nærare.

Med helsing

Stig Holmstrøm
rådmann